

Tony Dowler Band

8. mars 2003 · Haavebua



080303_Tony-Dowler

Frå arkivet

Full rulle med Dowler

Tony Dowler Band trakka til frå start av på Haavebua laurdag kveld. (Foto: Dag Knapstad) Tony Dowler i støtet på Haavebua. Dei tre karane frå Manchester serverte bluesrock av den meir hardtslåande typen. Her var det bønn gass og tenna i tømmerstokkane.

Tony Dowler (gitar og vokal), David Smylie (bass) og Steve Tansley (trommer) utgjør ein klassisk blues-trio, og leverer varene i beste Rory Gallagher-stil. Bandet har tidlegare spelt på Rockweekend i Bremanger og Tony Dowler er blitt ein ekte patriot etter å ha vore der både som musikar og turist om sommaren i fleire år. Firdaposten var innom konserten tidleg på kvelden like etter start. Då var det ei halvfull Haavebu som tok i mot britane. Dowler spytta ikkje i glaset akkurat, - han trakka til og gav alt frå start.



HEILE ARKIVET

Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 66.

2003

8. MARS

HAAVEBUA